

## ÅM - 7 Årsmelding for Hordaland Venstre 2019

«– INGENTING er umogleg om ein masar LENGE NOK»,( *Jakob og Neikob og Alle Andre* )

Desse kloke orda kjem frå den femte boka om Jakob og Neikob, der dei møter Masekob og leitar etter Alle Andre. Mas nyttar. Fleire enn før har fått ei Venstreliste å stemme på. Det er viktig at vi “maser” om at Venstre er ein raust, grønt og sosialliberalt alternativ - som er verd å stemme på! Vi er eit lite part, der kvart medlem og all innsats betyr noko.

Det har vore eit tøft siste år for Hordaland Venstre, før vi no går over til å bli Vestland Venstre, saman med Sogn og Fjordane Venstre. At 2019 ville bli utfordrande, visst vi og vi har prøvd å møte dei vanskane vi har stått i, på ein offensiv måte som mulig. Vi er stolt av at vi har kunne levert gode venstrelister å stemme på, i eit større område enn tidligare, rett nok med litt hjelp av kommunesamanslåing, vi er stolt av at vi i tillegg til gamle og gode travarar, også har mange nye, friske namn på desse listene. Vi ser og at dei har blitt gjort mykje på valkampsida, t.d. gjennom meir dørbank enn før.

Men i politikken er det ikkje berre innsatsen som tel, men også resultatet. Valresultatet var dårlegare enn vi håpte på, og vi har tapt plass i mange kommunestyre. Den litt dårlege trenden kan ein også sjå i medlemskapsutviklinga. Der vi i tillegg til å ha tapt medlemmar, også har tapt nokre medlemmar med lang fartstid som har bidratt i organisasjonen i ei årrekke. Det går ikkje an å seie noko anna enn at situasjonen er alvorleg.

Kunne vi gjort ting annleis? Det er alltid mogleg å bli betre. Samtidig kan ein kanskje også reflektere over at vi også kunne gjort eit endå dårlegare val, og kanskje har innsatsen også bidratt til å “bremse” den utfordrande situasjonen. Samlingar og kontakten ut i organisasjonen har vore givande, og det er imponerande å sjå korleis eldsjeler og lokallag har stått i motvind.

No i 2020 har vi fått fleire medlemmer, og mange “gamle” medlemmer ser moglegheiter i den nye situasjonen nasjonalt. Uansett, du sit no med årsmelding for 2019. Årsmøtet er Hordaland Venstre sitt høgaste organ, og denne årsmeldinga er, også i år, eit forsøk på å få formidla kva fylkesstyret og fylkeslaget har hatt føre seg i året som har gått, samt nokre refleksjonar rundt situasjonen. God lesing!

## **INNHALD**

- 1. FYLKESÅRSMØTET**
- 2. FYLKESSTYRET**
- 3. NEMNDER OG UTVAL**
- 4. LOKALLAGS-/MEDLEMSSTATUS**
- 5. ANDRE SAMARBEIDSORGAN**
- 6. REPRESENTASJON I FYLKESTING**
- 7. REPRESENTASJON I REGJERING OG STORTING**
- 8. REPRESENTASJON I STYRE OG UTVAL I VENSTRE SIN HOVUDORGANISASJON**
- 9. LANDSMØTET**
- 10. VALKAMP**
- 11. VALRESULTAT OG FORHANDLINGAR**
- 12. SEKRETARIAT**
- 13. KONTORLOKALE**
- 14. ØKONOMI**
- 15. MØTE/KONFERANSAR**
- 16. FRÅSEGNER**
- 17. HORDALAND VENSTRE SIN MILJØPRIS**
- 18. SLIK HAR STYRET JOBBA GJENNOM ÅRET  
ETTERORD FRÅ LEIAREN**

## 1. FYLKESÅRSMØTET

Helga 2. og 3. februar 2019 vart det arrangert felles møte på Thon Hotel Jølster på Skei for dei to fylkeslaga Hordaland Venstre og Sogn og Fjordane Venstre, der mellom anna fylkesval- program for den komande perioden i Vestland og politiske fråsegner vart handsama.

Laurdagen vart det halde separate årsmøte for dei to laga parallelt i to tilskytande salar.

Frå Hordaland møtte det 75 utsendingar frå lokallaga, fylkesstyret, Unge Venstre og Venstrekvinnelaget denne helga. I tillegg møtte fylkessekretær Gro Gjelsvik, stortingsrepresentant Terje Breivik og Steinar Haugsvær frå VHO som observatørar.

Det møtte 45 utsendingar frå Sogn og Fjordane på det felles møtet.

Desse sakene var oppe på det separate møtet:

- årsmelding, rekneskap, budsjett
- endeleg vedtak om samanslåing til Vestland
- val - supplering av fylkesstyret og val av landsmøteutsendingar

Desse sakene var oppe på det felles møtet med Sogn og Fjordane Venstre:

- politisk innleiing ved Terje Breivik
- generell politisk debatt
- handsaming og vedtak av fylkesvalprogram
- fråsegner
- orientering om valkampplan
- organisasjonsdebatt
- eventuell tillegskontingent for 2020
- val av valnemnd og landsmøteutsendingar
- val av redaksjonsnemnd for fylkesårsmøtet 2020 (fråsegner)
- nominasjonsprosess føre Stortingsvalet 2021 - vedtak om framgangsmåte for år2020
- orienteringar frå Venstres Hovedorganisasjon om innstilling til vedtektsendingar for VHO og om prosess for nytt prinsippprogram mm

## 2. FYLKESSTYRET

Fylkesstyret har sidan årsmøtet hatt følgjande samansetjing:

Leiar: Åsta Årøen, Bergen

1. nestleiar: Geir Angeltveit, Stord

2. nestleiar: Bjørn Tore Sund, Osterøy

Styremedlemmer:

Ingrid Bjørke Nisamjan, Kvam

Bård Mangerøy, Alver

Odrun Vellene Vevatne, Voss

Trude Sletteland, Bergen

Varamedlemmer:

1. Elizabeth Toft Erichsen (Øygarden), har møtt fast

2. Alf Helge Greaker (Bømlo)

3. Anders Oppheim (Ulvik)

4. Guro Betten (Stord)

5. Ronny Knutsen (Askøy)

6. Ingebjørg Winjum (Granvin)

For Vestland Unge Venstre møtte hovudsakleg Marius Hellan Hindenes.

For Hordaland Venstrekvinnelag møtte hovudsakleg Kari Østervold Toft.

Gro Gjelsvik har som sekretær delteke på styremøta.

Gruppeleiar i fylkestinget, Anne-Beth Njærheim, har vore kalla inn til styremøta og delteke på telefon ved høve. Dialogen med fylkestingsgruppa har vore god og det at fylkestingsrepresentant Geir Angeltveit også har vore nestleiar har vore eit ekstra pluss i so høve. Stortingsrepresentant Terje Breivik har vore kalla inn til styremøta og har som oftast delteke per telefon under deler av møta.

Fylkesstyret har i 2019 hatt 10 ordinære styremøte samt ein studietur til Ulvik i mars med innlagt styremøte og besøk med stortingsrepresentant/nestleiar Terje Breivik. På turen til vart også omvising på Produksjonsskolen i Ulvik og Olav H. Haugesenteret. Styret har handsama 65 saker. Styret har også hatt 3 styremøte saman med Sogn og Fjordane Venstre

Styret har hatt eit arbeidsutval samansett av leiar og nestleiarar og fylkessekretær. Arbeidsutvalet har hatt 6 møte i 2019. AU har arbeidd mellom styremøta med saksførebuing, oppfølging av styresaker, samt planlegging av samlingar og andre møte.

Alle AU-møte og alle styremøte er dokumenterte ved eigne referat, som er sendt ut til heile styregruppa kort tid etter.

### **3. NEMNDER OG UTVAL**

#### **Interimsstyre**

Etter årsmøtevedtak i 2018 i både Hordaland Venstre og Sogn og Fjordane Venstre blei eit interimsstyre peika ut for å forberede og vere ansvarlege for samanslåinga til Vestland Venstre og for førebuingane til første årsmøte i Vestland Venstre i 2020.

Etter at fylkesstyra og sideorganisasjonane i mars/april 2018 peika ut medlemmer i tråd med vedtaka på fylkesårsmøta, har samansetjinga av interimsstyret vore slik:

Alfred Bjørlo (leiar), Åsta Årøen, Trude Risnes, Daniel Gangeskar (UV) og Kari Østervold Toft (Venstrekvinnelaget). Gro Gjelsvik har vore sekretær.

Interimsstyret hadde sitt første møte i mai i 2018.

Interimsstyret har hatt 5 ordinære møte i 2019 og i tillegg jamleg kommunikasjon per e-post. Dei vil ha ansvaret for økonomien for det nye fylkeslaget i tidsrommet 1. januar 2020 og frem til et nytt styre er valgt på årsmøtet i februar.

#### **Valkamputval**

Det blei på eit felles styremøte med Sogn og Fjordane Venstre i juni 2018 gjort vedtak om at eit felles valkamputval for fylkesvalkampen i 2019 skulle setjast ned rett over sommaren.

Utvalet skulle vere samansett slik: 2 personar frå Hordaland + 2 frå Sogn og Fjordane + 1 representant frå UV og 1 representant frå Venstrekvinnelaget.

Etter nominasjonsmøtet skulle dei tre øvste kandidatane tiltre utvalet.

Slik var utvalet samansett i starten frå september 2018:

Hordaland: Bjørn Tore Sund (Osterøy, nestleiar i fylkesstyret) og Anton Engen (Bergen)

Sogn og Fjordane: Åge Avedal (fylkesstyret) og Bjørn Arne Mjåseth (Askvoll)

Unge Venstre: Agnes Hoshovde Bernes (tredjekandidat).

Etter nominasjonsmøtet i november 2018 vart førstekandidat Gunhild Berge Stang og andrekandidat Geir Kjell Andersland med i utvalet.

Utvalet hadde deretter sitt første samla møte 23. november 2018. På dette møtet vart Bjørn Tore valt som leiar av utvalet.

I løpet av april/mai 2019 vart fjerdekandidat Alfred Bjørlo og femtekandidat Tom Hiis Bergh trekt inn i utvalet. I det same tidsrommet vart fylkessekretærene, Linda Rotihaug og Gro Gjelsvik, inkludert i utvalet sitt arbeid og kommunikasjon.

Leiar av Vestland Unge Venstre, Ole Martini, var med på valkamputvalet sine møte i frå 17. juni og utover.

Elizabeth Toft Erichsen kom inn i arbeidet til utvalet frå sommaren av med fleire roller - ho var både utpeikt representant frå Venstrekvinnelaget, sjettekandidat på fylkeslista og tilsett sekretær for sittande fylkestingsgruppe.

Valkamputvalet har hatt aktivitet frå andre halvdel av 2018 og fram til sept 2019, og leverer eigen rapport på dette.

### **Forhandlingsutval**

Åsta Årøen deltok i forhandlingsutvalet på fylkesnivå på vegne av fylkesstyret. Resten av forhandlingsutvalet bestod av Gunhild Berge Stang, Geir Kjell Andersland, Alfred Bjørlo, Synnøve Handeland og Grete Line Simonsen.

### **Valnemnd**

Fylkesstyra i Hordaland og Sogn og Fjordane fekk i eit vedtak på årsmøtet fullmakt til å gjere framlegg om kandidatar til ei valnemnd for nye Vestland Venstre innan 1. mai 2019. Interimstyret skulle deretter ut frå dette gjere eit val av valnemnd innan 1. juli 2019, og be valnemnda konstituere seg og starte arbeidet innan 1. oktober 2019.

Valnemnda var i oktober samansett slik:

Leiar: Judith Kapstad, Sunnfjord

Medlemmer:

Kariann Myklebust Fagerli, Stad

Arild Raftvoll, Askøy

Kjersti I. Vevatne, Osterøy

Petter S. Ulriksen, Ullensvang

I tillegg møtte Unge Venstre med Ole Martini og Venstrekvinnelaget med Kari Østervold Toft

Varamedlemmer:

1. Jo Lerheim, Bergen

2. Anne-Beth Njærheim, Bømlo

3. Gunn Merete Paulsen, Sunnfjord

4. Vigdis Tønning, Sunnfjord

NB! Etter eit møte 11. og 12. november, same helga som lokalpolitisk nettverk i Bergen, vart 1. varamedlem Jo Lerheim erstatta med Grete Line Simonsen, Bergen, og Venstrekvinnelaget erstatta sin representant med Siw Bergesen.

Valnemnda er valt for 2 år, fram til årsmøtet i 2021.

### **Internrevisorar**

Tore Rykkel, Bjørnafjorden og Siri K. Hamre, Bergen. Begge valde for to år i 2018

## **4. LOKALLAGS-/MEDLEMSSTATUS**

Etter fleire kommune- og lokallagssamanslåingar i løpet av 2018 og ved nyttår hadde Venstre 18 lokallag i Hordaland frå februar 2019. Tysnes Venstre og Austrheim Venstre klarte ikke å stille liste ved lokalvalet og har ikkje hatt eit fungerande styre i 2019. Tysnes Venstre vart sett inaktivt i oktober. Austrheim Venstre kjem også truleg til å verte sett inaktivt innan kort tid, sidan det er

vanskeleg å få valt eit nytt styre. Alternativet for Austrheim V er å slå seg saman med Alver Venstre ein gong i framtida. I Kvam fell dei ut av kommunestyret etter valet i 2019 og Kvam Venstre har ikkje klart å få valt styre med leiar i januar 2020, berre eit arbeidsutval på 3 personar.

#### Betalande medlemmer ved utgangen av året:

2005	540	betalande medlemmer
2006	575	betalande medlemmer
2007	613	betalande medlemmer
2008	650	betalande medlemmer
2009	819	betalande medlemmer
2010	838	betalande medlemmer
2011	952	betalande medlemmer
2012	973	betalande medlemmer
2013	850	betalande medlemmer
2014	831	betalande medlemmer
2015	796	betalande medlemmer, av totalt 940 registrerte medlemmer
2016	708	betalande medlemmer, av totalt 849 registrerte medlemmer
2017	639	betalande medlemmer, av totalt 785 registrerte medlemmer
2018	603	betalande medlemmer, av totalt 725 registrerte medlemmer
2019	534	betalande medlemmer, av totalt 627 registrerte medlemmer

Det har i dei siste sju åra vore ein nokså jamn tilbakegang kvart år i både registrerte og betalande medlemmer. I 2019 kom det 61 nye medlemmer, medan 123 anten har meldt seg ut eller flytta til andre fylke. I Vestland fekk vi til saman 104 nye medlemmer i 2019.

Betalingsprosenten var på 85% i 2019.

Kvart år i dei siste åra har Venstres Hovedorganisasjon rydda i medlemsregisteret i starten av januar ved å slette alle registrerte medlemmer som ikkje har betalt kontingent dei to føregåande åra. I januar 2020 vart 36 rydda ut, slik at det står att 591 medlemmer i det gamle Hordaland ved starten av 2020 når vi har gått inn i Vestland.

Fordelinga på kjønn i medlemsmassen er 370 menn og 221 kvinner per januar 2020, det vil seie litt under 63% menn og litt over 37% kvinner. Dette er same fordelinga som for eit års sida.

Den stadig fallande tendensen i medlemstalet gjev grunn til bekymring. Vi må tilbake til 2005 for å finne same låge tal på medlemmer. Styret har hatt medlemssituasjonen oppe på nesten kvart styremøte. Frå ein mindre del av dei som melder seg aktivt ut, har vi fått utfyllande grunngjeving. Dette er mellom anna

- partiet har endra seg, tenkt på å melde seg ut lenge
- partiet ikkje kan sitje i Regjering med Frp,
- ikkje god nok distriktpolitikk,
- feil standpunkt i vindkraft, (for positiv/for negativ)
- samlivet med Krf og konsekvensane det har for bioetiske spørsmål,
- hasjpolitikk
- Venstre er for Oslo-styrt

Mangfoldet av årsaker har gjort det utfordrande å finne ein slagkraftig strategi for å bremse medlemsflukta. No i skrivande stund (jan 2020) er regjeringa endra, og dette kan endre medlemsmønsteret. Uansett er det behov for meir systematisk verving, ikkje minst som ei førebuande handling til valkampen 2021.

Det er også til ettertanke at vi veit ein del om kvifor folk melder seg ut, men lite om kvifor folk melder seg inn. Kanskje bør vi også her vere flinkare til å lytte til kva som gjer at folk ynskjer å vere med i Venstre og prøve å forsterke positive faktorar som gjer at folk ynskjer å bruke tid og pengar på å gjere ein innsats for Venstre.

Nedanfor her er ei oversikt over medlemsutviklinga i alle fylkeslaga til Venstre i 2019. Vestland er ikkje åleine om å ha tilbakegang i medlemstalet.

Fylkeslag	Betalende i 2018	Nye i 2018	Betalende i 2019	Nye i 2019
Agder Venstre	400	53	403	53
Innlandet Venstre	348	29	349	46
Møre og Romsdal Venstre	416	37	437	77
Nordland Venstre	270	47	291	71
Oslo Venstre	1094	153	973	139
Rogaland Venstre	457	54	424	56
Troms og Finnmark Venstre	313	26	280	48
Trøndelag Venstre	681	60	686	107
Vestfold og Telemark Venstre	554	110	532	94
Vestland Venstre	926	116	853	104
Viken Venstre	1178	131	1123	150
Annet	31	12	38	17
Total	<b>6668</b>	<b>828</b>	<b>6389</b>	<b>962</b>

Grønn betyr at fylkeslaget gikk i pluss i medlemstall fra sist år, rød betyr i minus.

## 5. ANDRE SAMARBEIDSORGAN

Vestland Unge Venstre	sjå eiga årsmelding
Fylkestingsgruppa i Hordaland (> 31.12.)	sjå eiga årsmelding
Fylkestingsgruppa i Vestland (15.10. >)	sjå eiga årsmelding
Hordaland Venstrekvinnelag	sjå eiga årsmelding

## 6. REPRESENTASJON I FYLKESTINGA

I **Hordaland fylkesting** har Venstre ut perioden vore representert av:

Anne-Beth Njærheim (gruppeleiar)	Fylkesutvalet
Geir Kjell Andersland	Utval for kultur, idrett og regional utvikling
Geir Angeltveit	Utval for miljø og samferdsel

### Vararepresentantar:

Elizabeth Toft Erichsen	Utval for opplæring og helse
Torstein Gunnarson	
Ingrid Handeland	
Tove Kristin Sleire Tistel	
Bjørnar Hamre	
Marit Helen Leirheim	

I **Vestland fylke** har Venstre sidan oktober vore representert av:  
Gunhild Berge Stang (gruppeleiar)  
Alfred Bjørlo

Vararepresentantar:

Geir Kjell Andersland  
Agnes Hoshovde Bernes  
Tom Hiis Bergh  
Elizabeth Toft Erichsen  
Astrid Knutsen Hårstad

## 7. REPRESENTASJON I REGJERING OG STORTING

Terje Breivik (Ulvik) var Venstre sin representant frå Hordaland på Stortinget og parlamentarisk leiar. Idun Bortne (Bergen) har vore vara for han.

## 8. REPRESENTASJON I STYRE OG UTVAL I VENSTRE SIN HOVUDORGANISASJON

Sentralstyret: Terje Breivik har vore nestleiar.

Landsstyret: Fylkesleiar Åsta Årøen. Nestleiar Bjørn Tore Sund har møtt i juni og nestleiar Geir Angeltveit har møtt i eit telefonmøte 24. august.  
Erlend Horn har vore direktevalt til Landsstyret.

Internasjonalt utval: Alf Helge Greaker gjekk inn i internasjonalt utval frå hausten 2018  
Distriktsutvalet: Elin Seim gjekk inn i Venstres Distriktstutval for 2 år frå hausten 2018  
Venstres gruppe for marin sektor: Kari Østervold Toft

Håkon Frode Særsten er styreleiar for Venstres Studieforbund.

## 9. LANDSMØTET

På Venstre sitt landsmøte på Quality Airport Hotel Gardermoen deltok desse frå Hordaland: Åsta Årøen (LS), Geir Angeltveit, Bjørn Tore Sund, Julie Andersland, Anne-Beth Njærheim, Geir Kjell Andersland, Agnes Hoshovde Bernes, Heine Johansen, Kari Østervold Toft, Grete Line Simonsen, Arild Raftevoll, Bernhard Endseth Nerland, Kjersti Ingolvdotter Vevatne, August Simonsen, Remi Lønøy, Marius Hellan Hindenes (vara).  
Erlend Horn møtte som direktevalt i Landsstyret. I tillegg møtte følgjande frå Hordaland på andre delegasjonar: Astrid Knutsen Hårstad NVK, Sondre Hansmark og Ane Breivik (NUV). Håkon Frode Særsten reiste som styreleiar for Venstres Studieforbund.

## 10. VALKAMP

*Sjå eigen valkamprapport frå valkamputvalet for Vestland Venstre*

## 11. VALRESULTAT OG FORHANDLINGAR

Valet i 2019 var ikkje det beste for Venstre. For fylkesvalet i Vestland vart resultatet 11022 stemmer og 3,5% for Venstre. Dette er same prosenttal som Venstre oppnådde nasjonalt for fylkesvalet. For Vestland var resultatet ein tilbakegang på 1,6%.

Vi fekk med dette valresultatet 2 representantar inn i nye Vestland fylke.

I perioden 2015-19 var det 3 V-representantar i Hordaland og 2 i Sogn og Fjordane.

I kommunestyrevalet fekk Venstre 14064 stemmer i 2019. Til samanlikning var det 12822 stemmer til Venstre i Hordaland i 2015 og 4953 stemmer i Sogn og Fjordane. Altså til saman 19017 stemmer. Venstre hadde ein liten framgang i Osterøy og Stord, elles tilbakegang i alle kommunar.



Etter valet har vi gått frå 44 kommunestyrerepresentantar i Hordaland i perioden 2015-19 til berre 16 i same geografiske område. Årsaka ligg i både kommunesamanslåingar og generelt dårleg valresultat dei fleste stader. I kommunane Kvam, Masfjorden og Sveio hadde Venstre ein representant i førre periode, men fall i haust heilt ut av kommunestyret, trass forsøk med valliste. I Austrheim var et to representantar førre periode, men denne gongen klarte ikkje Venstre stille liste der. Same situasjon gjeld for Tysnes, som hadde 1 representant sist, men ikkje klarte stille liste no.

Forhandlingane på fylket etter valet var intense, og gjekk for seg dag og natt, frå valkvelden. Venstre fekk eit godt forhandlingsresultat, tatt i betraktning valresultatet, og fekk til ein god allianse med Ap, Sp, Krf, MDG, og SV. Meir om dette kan du finne i fylkestingsgruppa si årsmelding.

## **12. SEKRETARIAT**

Gro Gjelsvik har vore sekretær i 60 % stilling dette året. I januar arbeidde ho 100% for å førebu fylkesårsmøtet. Ho har vore sekretær for fylkestyret, arbeidsutvalet, interimsstyret og rettleiar for valnemnda, og rekneskapsførar for Hordaland Venstre og fylkestingsgruppa.

Bystyregruppa i Bergen betalar Hordaland Venstre for at Gro administrerer konti og fører rekneskap for dei.

Elizabeth Toft Erichsen har vore tilsett som gruppesekretær for fylkestingsgruppa i 25% stilling.

## **13. KONTORLOKALE**

Fylkessekretæren har hatt høve til å bruka eit kontor som fylkestingsgruppa disponerer i Wigandgården i Bergen sentrum, rett over gata frå fylkesbygget. I same bygg har det også vore møtelokale som Venstre kunne bruka på kveldstid. Fylkeskommunen har frå desember 2019 flytta ut av bygget og kontoret til gruppa er tømt. Fylkessekretæren har no heimekontor, samt at vi for ei kort tid leiger eit lagerlokale til oppbevaring av arkiv og utstyr. Den nye fylkestingsgruppa har vorte tildelt eit kontor i det nye fylkesbygget på Sandsli, men det er lite truleg at dette vil bli brukt til kontor eller møteplass av andre enn gruppa.

## **14. ØKONOMI**

Fylkessekretær Gro Gjelsvik har vore rekneskapsførar. Resultatet for 2019 vart eit underskot på 211450 kr. Det var budsjettert med eit underskot på 190000 kr i valåret, dekkja inn av eit valkampfond.

I tillegg viser vi til gjennomgang av rekneskapen og revisjonsmerknadene.  
*Sjå også eige samla valkamprekneskap for Vestland.*

## **15. MØTER/KONFERANSAR**

Hordaland Venstre har i 2019 arrangert:

- |                    |   |
|--------------------|---|
| 2. - 3. februar    | Fylkesårsmøte på Thon Hotel Jølster<br>(saman med Sogn og Fjordane Venstre)   |
| 4. mars            | Delegasjonsmøte føre Landsmøtet   |
| 11. - 12. mai      | Valkampsamling i Bergen, saman med Sogn og Fjordane Venstre. Det var 30 deltakarar får Hordaland.                         |
| 19. september      | Møte med leiar for Venstre sin valkomite, for fylkestyre og lokallagsleiarar  |
| 9. og 10. november | Lokalpolitisk nettverkssamling i Bergen, saman med Sogn og Fjordane Venstre. Det var 23 deltakarar frå Hordaland Venstre. |

I tillegg regionvise møte i regi av valkamputvalet.

På Venstre sin Landskonferanse 26. og 27. oktober på Fornebu deltok minst 12 frå Hordaland. For å stimulere til deltaking vedtok styret å dekkje inntil 4000 kr for inntil 4 personar som ønskte å reise. Det var 3 som reiste med slik støtte.

## 16. FRÅSEGNER

Fylkesårsmøtet 2019 (i fellesskap med Sogn og Fjordane Venstre) vedtok desse fråsegnene:

- *KAF er kult*
- *Ta vare på folk på flukt*
- *Bygg sterke regionar med desentraliserte tenester og fagmiljø!*

Fylkesstyret vedtok i løpet av året følgjande fråsegner:

- *Våre barn, Norges ansvar (april)*
- *Stopp forfølginga av kvinnelege skuleelevar i Tanzania! (juni)*
- *Fornybar energi og klassisk naturvern – eit miljødilemma (juni)*
- *Hordaland Venstre ber Klima- og miljøminister Ola Elvestuen om å la Trænarevet vere i fred (august)*

## 17. HORDALAND VENSTRE SIN MILJØPRIS

Hordaland Venstre deler kvart år ut ein miljøpris i samband med den internasjonale miljødagen 5. juni. Prisen dette året gjekk til Bysykkelen Ruben og vart delt ut av Klima- og miljøvernminister Ola Elvestuen, 17. august på Festplassen. Grunngevinga for pristildelinga var som følgjer: 29. juni var det ett år siden Bergen Bysyssel åpnet sitt anlegg i Bergen, og tilbudet blir stadig mer populært. Etter ett år har flinke, grønne «Ruben» - en enkelt sykkel innenfor bysykkelordningen - fraktet bergensere (og tilreisende) hele 1876 turer! Totalt sett har bysykkelordningen bidratt til 440 000 sykkelturner på ett år. Bysyklene har vært en åpenbar og synlig suksess som beviselig øker (og fortsatt vil øke) sykkelandelen i Bergen. Dette er god miljøpolitikk i praksis, og sykkel Ruben har beviselig bidratt aller mest. Bysyklene har blitt en suksess ikke minst fordi antall sykler og stasjoner har økt og gjør at det alltid er en tilgjengelig sykkel. Dette skaper et forutsigbart tilbud som det er lett å velge å benytte seg av. Flere har blitt hverdagssyklister. Bysysselordningen brukes av langt flere enn bergensere. Bergen sentrum er en viktig lokalisering for mange arbeidsplasser, og også andre hordalendinger fra omegnskommunene kan ses daglig på en bysykkel. Indirekte er bysykkelen en forlengelse av kollektivtransporten, man kan ta buss til sentrum og sykle videre til sin arbeidsplass. Flere sykler, og dette er en utvikling Hordaland Venstre ønsker å støtte opp om. Det er enkelt og praktisk, man kan etter bruk bare sette sykkel i et stativ og slippe å bekymre meg for tyveri, punktering etc. Gjennom bysysselordningen har man fått vist at miljøpolitikk er noe annet enn å gjøre livet vanskelig for folk flest. Bysyklenes eget motto er: «*Bysyssel er et supplement til andre former for transport rundt i byen. Raskt, moro og miljøvennlig.*» Hordaland Venstre kunne ikke være mer enig! Årets miljøpris går derfor til bysykkelen «Ruben».

Pristildelinga var vellukka, og vi fekk fine medieoppslag med dåverande byråd Julie Andersland (klima, kultur og næring) og miljøvernministeren.

## 18. SLIK HAR STYRET JOBBA GJENNOM ÅRET

Fylkesårsmøtet vedtok i februar 2018 ein handlingsplan for 2018 og 2019 og ein intensjon om samanslåing med Sogn og Fjordane Venstre frå 1.1.2020 nedfelt i dokumentet som heiter «Etableringa av Vestland Venstre». Desse to dokumenta har vore viktige rettesnorer og grunnlag for styret sitt arbeid gjennom året. Styret godkjente også Interimstyret sitt forslag til arbeidsdokument/retningslinjer på felles styremøte med Sogn og Fjordane Venstre i juni 2018.

Det overordna målet for to-årsperioden var i følge handlingsplanen å «byggje organisasjonen for å oppnå auka oppslutnad i Hordaland fram mot valet i 2019, med særleg fokus på å styrkje lokallaga».

Handlingplanen som heilskap har vore gjennomgått halvårleg. Styret meiner at det ved neste korsveg er behov for ei betydeleg revisjon/fornyng av formatet på planen, blant anna for å få klårare prioriteringar på korleis styret sin kapasitet skal brukast.

Arbeidsfordeling i styret:

- 1. nestleiar Geir Angeltveit – oppfølging av besøk frå Regjering, oppdatering sosiale media, informasjonsarbeid.
- 2. nestleiar Bjørn Tore Sund – listestilling/oppfølging lokallag, samt leie valkamputval
- Heile styret deltok i reiseaktivitet og regionsamlingar i fylket, som del av lokallags- og medlemspleie.

### **Reiseaktivitet og medlemspleie.**

Leiar og nestleiarar har besøkt lokallag på førespurnad, men hovudfokus dette året har vore valkamp.

Sentrale tillitsvalde i regjering, storting og fylkesting, og fylkestingskandidatar har reist over heile fylket i løpet av året. Venstre har også i stor grad forsøkt å delta på alt av regjeringsbesøk kor det har vore opning for dette. Det har i tillegg vore mange besøk frå våre stortingsrepresentantar og statssekretærar, særskild nemnast Terje Breivik, Sveinung Rotevatn, Abid Raja, Guri Melby, Jon Gunnes, m.fl.

*Oversikt over minister- og statsrådsbesøk i 2019 ligg som vedlegg sist i denne årsmeldinga.*

Interngruppa for alle medlemmer av Vestland Venstre på Facebook har jamleg vore nytta til sprenging av informasjon. Alle medlemmer som har sendt spørsmål til leiar eller andre styremedlemmer har blitt svart, etter beste evne.

### **Listestilling**

Nestleiar Bjørn Tore Sund vart utpeika til listestillingsansvarleg sommaren 2018 og arbeidde med dette heilt fram til fristen gjekk ut 1. april 2019. Det var viktig å få klarlagt kva for lokallag som sleit og prioritere arbeidet med desse. Det var også viktig og ei stor oppgåve å hjelpe lokallag i kommunar som var vedtatt samanslått med å organisere samarbeidet om ei ny, felles liste samstundes som dei slo saman lokallaga. Som ledd i dette arbeidet vitja Bjørn Tore lokallaget i Sveio to gonger, Bømlo, Austrheim, Alver, Bjørnafjorden og Øygarden ein gong kvar gjennom vinterhalvåret 2018/2019. Det vart også gjort forsøk på å få til lister i Vaksdal og Tysnes.

Venstre mista liste i to kommunar der vi hadde liste i 2015, Tysnes og Austrheim. På grunn av kommunesamanslåing var det for første gong på fleire år mogleg å stemme Venstre ved lokalvalet i gamle Øygarden kommune og i Jondal. Tilbakemeldingane er at listestillingsresultata var betre i Hordaland enn dei fleste andre stader i landet.

### **Ta i bruk dei folkevalde**

44 representantar blei valt inn i kommunestyrene for Venstre rundt om i fylket for perioden 2015-19. Venstre har i perioden hatt ordførar i Granvin kommune og to byrådar i Bergen. For styret har det vore eit mål å få til meir aktivitet knytt til regjeringsbesøk i dei ulike kommunane. Geir Angeltveit har motteke alle reisemeldingar frå Regjeringa, og teke kontakt med relevant lokallag.

### **Økonomi**

Inntektene frå medlemskontingent er fallande som resultat av at talet på betalande medlemmer går

ned. Styret har forsøkt å støtte lokallaga i å få fleire av dei registrerte medlemmene til å betale. Talet på Venstrevener har gått noko ned i 2019 og styret kunne vore flinkare til å verve nye. Styret har forsøkt å velje stad for årsmøte og samlingar utfra ein tanke om at det skal vere rimelegast mogleg for flest mogleg av deltakarane.

### **Informasjon**

Fylkesstyret (og valkamputvalet) har nytta e-post, heimesidene og Facebook til å spreie informasjon om politikk og aktivitetar. I 2019 har vi samarbeidd mykje med Sogn og Fjordane Venstre og valkamputvalet/ fylkeskandidatane om dette som følge av samanslåingsprosessen og felles valkamp for felles fylkesliste. Eigne nyhende-brev til alle medlemmer har vore sendt ut minst 10 gonger i løpet av året, ofte til alle medlemmer i heile Vestland. I tillegg har mykje informasjon gått ut til lokallagsleiarar på e-post regelmessig.

I 2019 har det eksistert ei nettside for Vestland Venstre parallelt med dei gamle sidene for Hordaland og Sogn og Fjordane. Sida til Vestland har naturleg vore oppdatert og brukt meir enn sidene for dei separate fylkeslaga, som har vore fasa meir og meir ut. Per januar 2020 finst det berre ei side for Vestland Venstre. Oppdateringar på nettsidene har vore knytt opp mot Facebook-sida til Vestland Venstre og nettsaker har vore delt i interngruppa for medlemmer i Vestland Venstre. Oppdateringane på Facebook har skjedd regelmessig, fleire gonger i veka. Alle arrangement har vore marknadsført med eigne FB-events.

### **Media**

Det har gjennom året vore stort trykk i media mot fylkesstyret/fylkesleiar. Mykje av merksemda er knytt til at vi no er eit regjeringsparti.

Bergen, des 2019

*Åsta Årøen (s)*  
leiar

*Geir Angeltveit (s)*  
1. nestleiar

*Bjørn Tore Sund (s)*  
2. nestleiar

*Ingrid B. Nisamjan (s)*  
styremedlem

*Bård Mangerøy (s)*  
styremedlem

*Trude Sletteland (s)*  
styremedlem

*Odrun Vellene Vevatne (s)*  
styremedlem

*Kari Østervold Toft (s)*  
Hordaland Venstrekvinnelag

*Marius Hellean Hindenes(s)*  
Vestland Unge Venstre

### **ETTERORD FRÅ LEIAREN**

Trass i eit krevande år, har eg opplevd styreåret som positivt. Eg vil takke det avtroppande styret i Hordaland Venstre, alle har bidratt med stor innsats. Eg vil også takke sideorganisasjonane, fylkestingsgruppene og vår Stortingsrepresentant Terje Breivik for godt og konstruktivt samarbeid. Vi skal no bli Vestland Venstre. Gjennom året har vi opplevd Sogn og Fjordane Venstre som ein god partner, og vi gler oss til å få ein felles organisasjon. Til slutt vil eg også takke Interimstyret for konstruktiv samhandling. Sist men ikkje minst: ein stor takk til fylkessekretær Gro Gjelsvik, som alltid har kontroll og alltid kjem med konstruktive innspel.

*Åsta Årøen*

Vedlegg: Oversikt over minister- og statsrådsbesøk i 2019

Dato	Kven kom	Møtte for Venstre	Kor/med kven	Tema
15.01.2019	Jon Georg Dale	Geir	Stord	Stord Lufthamn, Hordfast,
15.01.2019	Jon Georg Dale	Astrid Dale	Os	Os VGS, Sveगतjörn-Rådal
22.01.2019	Lina Hofstad Helleland		Bergen	Ungdomssatsing, invitasjon frå Bergen Kommune
19.02.2019	Ine Eriksen Sørensen	ope for alle	Bergen	Litteraturhuset - <a href="https://www.facebook.com/even">https://www.facebook.com/even</a>
19.02.2019	Jon Georg Dale		Bergen, Arna	Rassikringskonferanse
26.02.2019	Bent Høie	Marit Leirheim	Bergen og Askøy	09.45-11.15: Besøk til eMeistrings-klinikken. Adres:
01.03.2019	Åse Michaelsen	Astrid Dale?	Os	Kl. 10.00-11.30 – Os – Luranetunet bu- og behandlin
01.03.2019	Åse Michaelsen		Bergen	Kl. 12.20-14.00 – Bergen – Verdighetssenteret – Åse
x 06.03.2019	Erna Solberg	1 person	Bergen	Kl. 09.00: Statsminister Erna Solberg taler på opning
x 06.03.2019	Erna Solberg	Torstein gunnarson	Voss	Kl. 13.15: Statsministeren besøker Rema 1000 Skul
x 06.03.2019	Erna Solberg	1 person	Vaksdal/Dale	Kl. 14.50: Statsministeren besøker Dale fabrikk. A
x 06.03.2019	Erna Solberg	1 person	Bergen	Kl. 16.30: Statsministeren besøker ein helsestasjon
15.03.2019	Kjell-Børge Freiberger	Geir Angeltveit	Stord	Sail Away med Johan Sverdrup
25.03.2019	Nikolai Astrup	?? Bergen	Bergen	10.30-12.30: Møte og omvisning hos Equinor13.00-1
x 01.04.2019	Trine Skei Grande	medlemsmøte	Bergen og omegn	Valkamplokale
x 23.04.2019	Iselin Nybø og TSG?	Berre til orientering	Bergen	12:00 Innspelsmøte om studentmobilitet, Campu
x 25.04.2019	Ola Elvestuen	Ope for alle - påmelding	Bergen	Statsråd Elvestuen besøker Bergen i anledning For
02.05.2019	Jan Tore Sanner	Ingen program	Bergen	Med Høgre
02.05.2019	Jan Tore Sanner	Ingrid Nisamjan	Kvam	Kvam Familiesenter
08.05.2019	Torbjørn Røe Isachsen	Julie Andersland	Bergen	Kjøreplan 8.mai08.00 – 11.00 Offisielt program i reg
08.05.2019	Torbjørn Røe Isachsen	Elizabeth Toft Erichsen	Fjell	14.35 – 15.10 Bedriftsbesøk hos Decca Lightning Str
x 08.05.2019	Trine Skei Grande	Julie Andersland. Ikkje ope	Bergen	Nordiske Mediedager
21.05.2019	Harald Tom Nesvik	Børge Haugetun	Øygarden	Besøk til og møte med Seafoodgroup i Øygarden (
21.05.2019	Harald Tom Nesvik	Gustav Folkestad	Fusa/Bjørnafjorden	Besøk til og møte med Eide Fjordbruk i Fusa (Tent.
21.05.2019	Harald Tom Nesvik	Ope møte	Austevoll	Åpent møte i Austevoll (Tent kl 16:00-17:00)
x 22.05.2019	Trine Skei Grande	Full rulle, Julie?	Bergen	Festspillene i Bergen. 09.45 - 12.00: Bergen Interna
05.06.2019	Jan Tore Sanner	Ingen program	Bergen	Holbergprisen i skolen er en forskningskonkurrans
06.06.2019	Nikolai Astrup		Bergen	DIPS-forum, Media city Bergen osv
x 07.06.2019	Trine Skei Grande	Geir og Anne-Beth	Bømlo	Mostraspelet mm
x 08.06.2019	Trine Skei Grande	Geir og Anne-Beth	Stord	Sunnhordland museum og Handballfestivalen mm
12.06.2019	Erna Solberg	Geir, Camilla	Stord	Stord VGS, Stordkonferansen og Kværner.
11.06.2019	Olaug Bollestad	Elin Seim og	Voss og omegn	
12.06.2019	Olaug Bollestad	Ingebjørg Winjum?	Voss og omegn	
24.06.2019	Jon Georg Dale OG Monica Mæland	Geir Angeltveit	Stord-Fitjar	E39 Langenuen, Hordfast
24.06.2019	Erna Solberg		Meland/Alver	Kl. 15.00: Statsministeren deltek på den offisielle o
26.06.2019	Kjell Ingolf Ropstad	Agnes Bernes	Alver	Innspillsmøte i Alver (Knarvik) om regjeringens fan
26.06.2019	Kjell Ingolf Ropstad	Torstein Stråtveit	Bergen	Hauge Aqua
28.06.2019	Jan Tore Sanner	Geir Angeltveit	Stord	Små og mellomstore bedrifter, Stord FHS
08.07.2019	Jøran Kallmyr	Jo Lerheim	Bergen	besøke Vest politidistrikt (Adresse: Allehelgens ga
29.07.2019	Torbjørn Røe Isaksens		Voss	15.00 Bedriftsbesøk hos Evanger landhandleri, Vos
29.07.2019	Torbjørn Røe Isaksens	ingen	Osterøy	16.30 Lerøy Fossen, Osterøy
01.08.2019	Erna Solberg		Øygarden og Bergen	Valkampturné med Høgre. Mykje rart program. Tor
02.08.2019	Torbjørn Røe Isaksens		Sveio og Etne-marknaden++	
05.08.2019	Jon Georg	ingen	FrP Turne	
* 17.08.2019	Ola Elvestuen	BV	Bergen	
* 17.08.2019	Ola Elvestuen	Børge Haugetun	Øygarden	
VALKAMP				
26.09.2019	Monica Mæland	Ope møte	Voss	Opning av Gondol
* 14.10.2019	Iselin Nybø	Ingen opning	Bergen	Formålet med turen er å delta på den offisielle nyc
* 14.10.2019	Erna Solberg	Ingen opning	Bergen	Formålet med turen er å delta på den offisielle nyc
14.10.2019	Monica Mæland	Ingen opning	Bergen	Formålet med turen er å delta på den offisielle nyc
17.10.2019	Bent Høie	??	Bergen	Haukeland universitetssjukehus og Universitetet i
10.12.2019	Siv Jensen	???	Bergen	Reise til Bergen. Skal besøke Sandven British Cars,

\*nokre sentrale besøk er ikkje notert, særskild i valkampen. Då mange av desse i større grad var partiarrangement enn regjeringssaker.